

Prop. 53 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Utbygging og finansiering av E6 på strekninga Møllnes – Kvenvik – Hjemmeluft i Alta kommune i Finnmark

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 17. desember 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om utbygging og finansiering av E6 på strekninga Møllnes – Kvenvik – Hjemmeluft i Alta kommune. Prosjektet inngår i utbygginga av E6 vest for Alta, og er mellom anna omtalt i St.meld. nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-2019, side 263, og i Prop. 1 S (2010-2011), side 111-112.

Gjennom Stortinget si behandling av Prop. 1 S (2009-2010) er det løyvd 50 mill. kr til prosjektet for 2010. I Prop. 1 S (2010-2011) er det løyvd 100 mill. kr for 2011. Prioriteringa av statlege midlar i 2010 og 2011 er under føresetnad av tilslutning til eit opplegg for delvis bompengefinsansiering av prosjektet. Alta kommune og Finnmark fylkeskommune har slutta seg til eit slikt opplegg.

Det er rekna med anleggsstart på prosjektet tidleg i 2011, med trafikkopning i 2013.


2 Dagens situasjon og omtale av utbygginga

Utbygginga av E6 vest for Alta utgjer strekninga frå Storsandnes til Alta. Dette er ein del av hovud-

ferdselsåra både fram til Alta, og vidare til andre stader i Finnmark. Utbygginga er viktig for utviklinga som no skjer i fylket. Dagens veg har til dels dårlig standard med fleire smale og svingete parti. Nokre parti med sterkt stigning skaper tidvis problem for tungtransporten, særleg vinterstid.

I dei siste 10 åra har det skjedd 12 personskadeulykker på strekninga. Til saman har 21 personar blitt skadde i desse ulykkene. I tre av ulykkene var det alvorleg personskade. Dei siste 4 åra har strekninga hatt ein ulykkesfrekvens som er meir enn dobbelt så høg som ulykkesfrekvensen for ein tilsvarande veg med fartsgrense 70 km/t.

Prosjektet omfattar dels bygging av ny veg, og dels utbetring av eksisterande veg på ei om lag 9,3 km lang strekning mellom Møllnes og Hjemmeluft med bru over Kåfjorden. Brua over fjorden blir 390 m lang. Av estetiske omsyn skal ein del av bruva byggjast som skråstagbru. I prosjektet inngår også fire andre mindre bruer og tre tunnelar. Den samla lengda på tunnelane er om lag 1,7 km. I tillegg inngår bygging av gang- og sykkelveg på strekninga, og nødvendig omlegging av lokalvegnettet. Prosjektet vil korta inn E6 med om lag 6 km. Eksisterande E6 mellom Møllnes og Kvenvik er planlagt omklassifisert til fylkesveg når ny veg blir opna for trafikk.



Figur 2.1 Kart E6 Møllnes – Kvenvik – Hjemmeluft

3 Kostnader og samfunnsøkonomisk nytte

Prosjektet har vore gjennom ekstern kvalitetssikring (KS2). Samferdselsdepartementet legg etter dette til grunn ei styringsramme på 635 mill. kr (2010-kr), og ei kostnadsramme på 715 mill. kr. Kostnadene er inkl. etablering av ein bomstasjon. Samfunnsøkonomisk netto nytte (NN) for prosjektet er rekna til omlag -260 mill. kr, med netto nytte over totale kostnader på -0,4. Netto nytte per budsjettkrone er -0,5.

4 Lokalpolitisk behandling

Finansieringsopplegget for E6 Møllnes – Kvenvik – Hjemmeluft blei behandla av Alta kommune i møte i bystyret den 20. september 2010, sak nr 69/10. Det blei fatta følgjande vedtak:

1. Alta kommune viser til sitt tidligere vedtak i sak 66/10 hvor kommunestyret aksepterte at

parsellen "Møllenes – Kvenvik – Hjemmeluft" skulle finansieres med 160 mill kr i bompenger.

Alta kommune tar til orientering at den øvre ramme for parsellen er satt til 638 mill (2010-kroner). Alta kommune aksepterer den foreslalte finansieringsplan og med en fordeling med 75 % på statlige midler og 25 % på bompengefinansiering. Alta kommune er og enig i at bompengefinansiering blir etterskuddsvis og starter ved ferdig opparbeidet parsell, foreløpig beregnet til 2013.

2. Kommunestyret vedtar at det etableres bompestasjon på Saltviknes. Alternativt kan det etableres to bommer, en på Saltviknes og en på Møllenes. Det forutsettes innkrevning i begge retninger. Det forutsettes videre automatisk bomstasjon. Detaljer knyttet til betaling skjer i forhandlinger mellom Statens vegvesen og bomselskapet, men skal i hovedsak følge de forutsetninger som ligger i utredning av 24.08.10 fra Statens vegvesen.

Alta kommune viser til at beboere mellom utløpet av tunellen gjennom Sahkkobatni og bomstasjonen på Saltvikneset vil komme uheldig ut. Dette gjelder bygdene og grendene Saltvik, Kvenvik, Simanes og Mathisdalen og omfattes av begrenset antall husstander. De har minst nytte av den nye vegen og får størst belastning ved at deler av området må til Alta by for skole, barnehage, butikk og all offentlig og private servicetilbud. Alta kommune vil derfor kreve at Statens vegvesen utreder en ordning hvor man fortrinnsvis innfører et øvre tak eller andre rabattordninger som medfører at det ikke blir en urimelig belastning for denne delen av befolkningen. Utredningen må gjøres i samarbeid med Alta kommune og behandles av formannskapet.

For å bidra til et akseptabelt nivå på taket, vil Alta kommune etablere en tilskudds ordning med midler fra kommunens parkeringsfond. Kommunestyret ber administrasjonen utrede omfang og innretning på tilskudds ordning, fremme den som egen sak jfr.pkt. 8 i innstillingen.

3. Takstene settes til kr 27 (2010-kroner) for personbil og 81 kroner (2010-kroner) for tunge kjøretøy over 3500 kg. Premisser for takster, rabatt skjer i forhandlinger mellom Statens vegvesen og bomselskapet, men skal i hovedsak følge de forutsetninger som ligger i utredning av 24.08.10 fra Statens vegvesen. Alta kommune vil videre be om at Statens vegvesen utreder en ordning hvor man innfører et øvre tak for bompengebetaling. Dersom dette kan gjennomføres, er Alta innstilt på en mindre justering av takstene.

Dersom alternativet med to bommer velges, settes takstene til kr. 10/20 ved Saltviknes og 35/70 ved Møllenes.

4. Alta kommune vedtar å inngå som eier i et bompengeselskap som skal forvalte bompengesordningen på parsellen. Formannskapet får fullmakt til å forskuttere midler til planlegging og tilrettelegging av slikt selskap samt aksjekapital til selskapet.
 5. Alta kommune stiller en proratarisk simpel kausjon på 98 mill. kr på lån stort 196 mill kr. Garantitiden settes til inntil 19 år. Garantiansvaret reduseres i takt med nedbetaling av lånene.
 6. Alta kommune ber Finnmark fylkeskommune følge opp de forutsetninger som ligger i utredning av 24.08.10 fra Statens vegvesen vedr. garanti og bompengeselskap.
- Alta kommune vil også oppfordre Finnmark Fylkeskommune til å bidra økonomisk slik at

innbyggerne i Alta får et akseptabelt betalingsnivå.

7. Alta kommune viser til sine vedtak om utredning av avlastnings veg og den såkalte "Altapakken". Alta kommune finner det hensiktmessig at man utreder og vurderer en samordning av de to bompengesordningene om en Altapakke skulle bli vedtatt. En slik vurdering og utredning gjøres i utredningen om Altapakken.
8. Alta kommune ber rådmannen fremme en egen sak for disponering av kollektivandelen i kommunens parkeringsfond i trå med pkt. 2 i innstillingen.

Finansieringsopplegget for E6 Møllnes – Kvenvik – Hjemmeluft ble behandla av Finnmark fylkesting den 21. oktober 2010. Det blei fatta følgjande vedtak:

1. Øvre prisramme på parsellen er satt til 638 mill. 2010-kroner med en finansieringsfordeling 75 % statlige midler og 25 % bompengefinansiering. Bompengefinansiering blir etterskuddsvis og starter ved ferdig opparbeidet parsell, foreløpig beregnet til 2013.
2. Det etableres en bompengestasjon på Saltviknes. Alternativt kan det etableres to bommer, en på Saltviknes og en på Møllenes. Takstene settes til kr 27 kroner for personbil og 81 kroner for tyngre kjøretøy over 3500 kg. Detaljer knyttet til betaling, premisser for takster og rabatt skjer i forhandlinger mellom Statens vegvesen og bomselskapet, men skal i hovedsak følge de forutsetninger som ligger i utredningen av 24.08.10 fra Statens vegvesen.
3. Fylkeskommunen stiller sammen med Alta kommune en proratarisk simpel kausjon på kr 98 mill. hver på lån stort kr 196 mill. Garantitiden settes til inntil 19 år. Garantiansvaret reduseres i takt med nedbetaling av lånene. Garantiansvaret kan endres hvis statlige utredninger kommer med nye formelle retningslinjer.
4. Ansvaret for innkreving av bompenger tillegges et eget selskap eid av Alta kommune og fylkeskommunen.
5. Finnmark fylkeskommune, Statens vegvesen og Alta kommune samarbeider om utredning av avlastningsveg og den såkalte "Altapakken". Fylkeskommunen ønsker en samordning av de to bompengesordningene om en Altapakke skulle bli vedtatt. En slik vurdering gjøres i utredningen om Altapakken. Finnmark Fylkesting ber om at Statens vegvesen tar hensyn til den særlig verdifulle jordbruksjorda på Aronnes når de går inn for trasévalg til den nye "avlastningsveien".

Som følgje av bystyrevedtaket 20. september 2010, har vegvesenet gjennomført ytterlegare vurderinger av alternative innkrevingsopplegg. Desse tilleggsvurderingane blei behandla av formannskapet i Alta kommune 27. oktober 2010.

Alta formannskap viser til kommunestyrevedtak i sak 69/10.

Alta formannskap viser til den tilleggsutredningen som Alta kommune har bedt om vedr organiseringen av bomstasjoner og innkrevningsordning. Dette er nå gjort av Statens vegvesen datert 21.10.10. Ut fra dette går Alta formannskap inn for flg. organisering og finansieringsløsninger i samsvar med alternativ 1B:

1. Det etableres 1 bompengestasjon på Saltviknes med innkrevning i begge retninger.
2. Det innføres passeringstak på 60 passeringer pr. måned.
3. Taksten blir 29 kr (2010-kr) for personbil og 87 kr (2010-kr) for tunge kjøretøy.
4. Alta Kommune vil etablere en egen kommunal tilskuddsordning for husholdninger som ligger mellom Saltviknes og tunnellinnløpet ved Sahkkobatni, innenfor en kostnadsramme på inntil 1.0 mill.kr.

5 Finansieringsopplegg

Prosjektet skal finansierast med statlege midlar og bompengar. Av investeringskostnadene på 635 mill. kr vil statlege midlar utgjere 475 mill. kr og bompengar 160 mill. kr.

5.1 Statlege midlar

I St.meld. nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-1019 er det lagt til grunn at statlege midlar til utbygginga av E6 vest for Alta skal løvvast over ein eigen post, post 37, mellom anna for å bidra til meir rasjonell framdrift av prosjektet.

Det er lagt til grunn til saman 475 mill. kr i statlege løvingar til prosjektet Møllnes – Kvenvik – Hjemmeluft over post 37. Gjennom behandlinga av Prop. 1 S (2009-2010) blei det løyvd 50 mill. kr til prosjektet i 2010, og gjennom behandlinga av Prop. 1 S (2010-2011) er det vedteke ei løvning på 100 mill. kr for 2011. Prioriteringa av statlege midlar i 2010 og 2011 er under føresetnad av tilslutting til eit opplegg for delvis bompengefinansiering.

5.2 Bompengar

Det er lagt opp til ein bompengeperiode på 15 år med etterskottsinnkrevjing og innkrevjing i begge køreretningar, gjennom automatisk bomstasjon. Innkrevjinga startar i 2013. Bompengetakstane vil vera på 29 kr for lette kjøretøy (totalvekt til og med 3 500 kg) og 87 kr for tunge kjøretøy (totalvekt over 3 500 kg). Takstane er i 2010-prisnivå. Bompengetakstane er føresett justerte i samsvar med prisutviklinga. Samferdselsdepartementet har nedsett ei arbeidsgruppe som skal sjå på personvernutfordringane i heilautomatiske bomstasjonar, og moglegheita for å utvikla ei anonym betalingsløysing som eit supplement til dagens AutoPass-løysing. Arbeidet pågår.

Det er lagt til grunn ei ordning med "passeringstak" som inneber at trafikantar med Auto-passbrikke ikkje skal betala for meir enn 60 passeringar i løpet av ein kalendermånad. Vidare er det lagt til grunn ein rabatt på 20 pst. ved kjøp av brikke og forskottsbetaling. Det er føresett 10 pst. rabatt for alle passeringar med brikke utan avtale om forskottsbetaling. Det er føresett fritak for betaling i samsvar med gjeldande retningsliner.

Med det føreslårte innkrevingsopplegget og dei føresetnadene som ligg til grunn i denne proposisjonen, vil trafikantane betala om lag 310 mill. kr i bompengar over ein innkrevingsperiode på 15 år. Av dei innbetalte bompengane vil 160 mill. kr gå til utbygging av veg inkl. etablering av bomstasjon, 105 mill. kr til å dekka finansieringskostnader og 45 mill. kr til innkrevjing og drift av bompengeselskapet.

Plassering av bomstasjon har vore grundig diskutert, og det er gjort fleire utredningar med ulike plasseringar. I tråd med dei lokalpolitiske vedtaka er det lagt til grunn ein automatisk bomstasjon ved Saltviknes. Ei slik bomstasjonsplassering vil fanga opp storparten av den trafikken som nytta ny veg. For å sikra at innbyggjarane ved Saltviknes ikkje får urimeleg høge kostnader, er det føresett eit tak på 60 passeringar per kalendermånad. Passeringstaket vil vera til størst nytte for innbyggjarane ved Saltviknes, da dei bur næraast Alta og vil køyra mest gjennom bomstasjonen inn mot Alta.

Viss ein legg til grunn at det skal vera best mogeleg samanheng mellom betaling og nytte, hadde eit alternativ med differensierte takstar og to bomstasjonar vore det beste alternativet. Med eit slikt alternativ ville innkrevingskostnadane blitt svært høge.

Kvalitetssikrar har vurdert ein bomstasjonsplassering på Møllnes som eit betre alternativ enn

ein stasjon på Saltviknes. Eit alternativ med bomstasjon på Møllnes vil gi høgare takstar for trafikantane fordi trafikkgrunnlaget ikkje er like stort som på Saltviknes. Vidare vil ein slik bomstasjonsplassering ikkje fanga opp alle trafikantar som nyttar den nye vegen mellom Møllnes og Saltviknes.

Planlagt bompengeruttag i 2011 er 120 mill. kr.

5.3 Eventuelle endringar i kostnadene og/eller inntening

Eventuell kostnadsauke skal dekkast i samsvar med gjeldande retningsliner for bompengeprosjekt. Eventuell kostnadsauke opp til kostnadsramma skal finansierast med statlege midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som innafor styringsramma. Overskridningar ut over kostnadsramma er staten sitt ansvar og må følgjeleg finansierast med statlege midlar.

Eventuelle kostnadsreduksjonar på inntil 10 pst. tilkjem staten og bompengeselskapet etter same prosentvise fordeling som innafor styringsramma. Kostnadsreduksjonar utover 10 pst. tilkjem staten.

Auka inntening eller lågare kostnader for bompengeselskapet enn opphavleg rekna med skal nyttast til å redusera innkrevjingstida. Dersom økonomien i prosjektet blir därlegare enn føresett, vil bompengeselskapet etter avtale med Statens vegvesen Vegdirektoratet kunne auka takstane med inntil 20 pst. utover ordinær prisstigning og forlenga bompengerperioden med inntil 5 år. Samferdselsdepartementet er kjent med at dette låg til grunn for Alta kommune sitt vedtak om bompengefinansiering.

5.4 Andre føresetnader for finansieringsplanen

Med ein bomstasjon på Saltviknes, takster på 29 kr for lette køyretøy, og 87 kr for tunge køyretøy, og eit "passeringstak" på 60 passeringar pr. kalendermånad, er trafikkavvisninga rekna til 18 pst. Etter dette er det lagt til grunn ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på omlag 1 750 køyretøy etter trafikkopninga. I innkrevjingsperioden er det rekna med ein årleg trafikkvekst på 0,5 pst.

Følgjande føresetnader er lagt til grunn i finansieringsanalysen:

- Årleg prisstigning på 2,5 pst.
- Lånerente på 6,5 pst.
- Innskottssrente på 2 pst.
- Årlege innkrevjingskostnader på 3 mill. kr.

- Kostnad til etablering av bomstasjon på 4 mill. kr.

Med desse føresetnadene er innkrevjingsperioden rekna til om lag 15 år.

Lånerenta på 6,5 pst. føreset at det før bompengearvtalet blir underskriven, ligg føre dokumentasjon fra ein låneinstitusjon om lån innafor denne renta i 10-15 år.

Det er også rekna på eit alternativ med følgjande pessimistiske føresetnader:

- Kostnadsauke opp til kostnadsramma.
- Trafikken blir redusert med 10 pst. i opningsåret.
- Halvering av trafikkveksten.
- Innkrevjingskostnadene aukar med 50 pst.
- Takstauke på 20 pst. utover prisstigning etter to år.

Med desse føresetnadene er innkrevjingsperioden rekna til om lag 18 år.

5.5 Garantiar

Som det går fram av kap. 4, har Alta kommune og Finnmark fylkeskommune fatta vedtak om å garantera for ei lånegjeld på inntil 196 mill. kr. Garantitida er sett til inntil 19 år. Fylkestinget har lagt til grunn at garantiansvaret kan endrast ved eventuelle nye statlege retningsliner. Den kommunale garantien skal godkjennast av fylkesmannen, og den fylkeskommunale garantien skal godkjennast av Kommunal- og regionaldepartementet.

Garantiane vil først koma til utbetaling dersom lånet til bompengeselskapet ikkje kan nedbeta last etter at takstane er auka med 20 pst. utover ordinær prisstigning og bompengerperioden er forlenga med 5 år.

6 Samferdselsdepartementets vurdering

Samferdselsdepartementet viser til at E6 vest for Alta utgjer ein del av hovudferdselsåra både fram til Alta, og vidare til andre stader i Finnmark. Vegen er svært viktig både for innbyggjarane i regionen, og for næringslivet. Utbygging av strekninga Møllnes – Kvenvik – Hjemmeluft vil heva standarden på vegen og korta inn E6 med om lag 6 km. Strekninga har dei siste åra hatt ein høg ulykkesfrekvens. Eit viktig føremål med utbygginga er derfor å betra trafikktrykkleiken på strekninga.

Kvalitetsikrar har vurdert bomstasjonsplasering på Møllnes som eit betre alternativ enn ein stasjon på Saltviknes. Kvalitetssikrar sin argumentasjon for dette er at då vil dei som har mest nytte av vegen betala. Dei argumenterer også med at ei slik plassering av bomstasjonen vil redusera avhengigheita til ei eventuell Altapakke.

Samferdselsdepartementet meiner at ei slik bomstasjonsplassering vil føra til at ein stor del av trafikantane som har nytte av den nye vegen ikkje betalar. Trafikken ved Møllnes er dessutan vesentleg lågare enn ved Saltviknes. Ei slik plassering vil derfor krevja langt høgare takstar for å få same bompengesaldo som med bomstasjon på Saltviknes. Det er i tillegg lokalpolitisk tilslutning til å plassera bomstasjonen på Saltviknes, og Samferdselsdepartementet legg derfor til grunn ei slik plassering.

Når det gjeld forholdet til ei eventuell Altapakke vil Samferdselsdepartementet eventuelt koma tilbake til Stortinget med ei sak så snart tilstrekkeleg plangrunnlag ligg føre, og det er lokalpolitisk tilslutning til opplegget. I samband med eit eventuelt slikt framlegg vil forholdet til bompengeinnkrevjing på strekninga Møllnes – Kvenvik – Hjemmeluft bli vurdert.

I proposisjonen er det lagt til grunn ei lånerente på 6,5 pst. Det er ein føresetnad at bompengeselskapet inngår bindande avtale om lån innafor denne renta for ein periode på 10-15 år. Samferdselsdepartementet legg til grunn at dokumentasjon for avtale om rentenivå blir send Vegdirektoratet før bompengeavtalen blir underskriven.

7 Avtale

Etter at Stortinget har gjort vedtak om delvis bompengefinansiering av E6 Møllnes – Kvenvik – Hjemmeluft, vil det bli inngått avtale mellom Vegdirektoratet og bompengeselskapet i tråd med gjeldande standardavtale og vilkåra som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om utbygging og finansiering av E6 på strekninga Møllnes – Kvenvik – Hjemmeluft i Alta kommune i Finnmark.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjera vedtak om utbygging og finansiering av E6 på strekninga Møllnes – Kvenvik – Hjemmeluft i Alta kommune i Finnmark i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om utbygging og finansiering av E6 på strekninga Møllnes – Kvenvik – Hjemmeluft i Alta kommune i Finnmark

I

Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet får løyve til å ta opp lån og krevja inn bompengar til delvis bompengefinansieringa av E6 på strekninga Møllnes – Kvenvik – Hjemmeluft. Vilkåra framgår av denne proposisjonen.

II

Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet og fastsetja nærmere reglar for finansieringsordninga.
